

## FORSLAG TIL VEDTAK

### SAK 8 - Autonome forskingsfartøy

Styret inviterer årsmøtet til å fatte slikt vedtak:

Årsmøtet i Pelagisk Forening tek presentasjonen til forskningsdirektør i Havforskningsinstituttet Geir Huse til orientering.

Årsmøtet meiner det er viktig at Havforskningsinstituttet (HI) brukar all tilgjengeleg teknologi til å gjera havforskinga så god som mogeleg. Dette slik at det blir best mogeleg kunnskap om fiskebestandane, storleik på bestandar og årsklassar, vandringsmønster, gyteområde, geografisk utbreiing, m.m. Dette for å kunne hausta mest mogeleg klimavennleg mat frå havet. På denne måten kan fiskerinæringa bidra til det grønne skiftet. Noreg vil òg stå sterkare i forhandlingane med landa me deler fiskebestandar med, og fiskeri vil stå sterkare i konkurranse om areal på havet.

Tradisjonelle forskingsfartøy er kostbare i drift, og med «stramme» budsjett er det sjølv sagt ein føremon med ubemanna forskingsfartøy. Dette slik at dekningsområde og talet på toktdøgn kan aukast vesentleg.

Årsmøtet meiner at autonome forskingsfartøy kan vera viktige supplement til tradisjonelle forskingsfartøy. T.d. som «speidarfartøy» for bemanna forskingsfartøy. Autonome forskingsfartøy må ikkje erstatta dagens forskingsfartøy for å spare pengar.

Med noverande teknologi kan ikkje ubemanna fartøy ta prøvar av fisk. I dag tek både fiskarar og forskarar prøvar som blir brukt av HI. Fiskarar bidreg med fiskeprøvar via fangstlotteriet. Fangstlotteriet er eit viktig verktøy for å ta prøvar av fisk, men fiskarane fiskar den største fisken der fisken er lettast tilgjengeleg. Prøvar frå fangstlotteriet er eit godt supplement, men oversikta vil bli dårlegare dersom det ikkje òg blir tatt prøvar frå forskingsfartøy. Det er difor viktig med prøvefiske, og prøvetaking, frå bemanna forskingsfartøy.

Årsmøtet meiner at så snart teknologien er tilfredsstillande må myndighetene endra lovverket slik at HI kan bruka ubemanna fartøy i forskning.